
Saksnr: 2020/62649-5
Saksbehandlar: Matti Torgersen
Dato: 26.09.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesdirektøren

Utgreiing om bompengepakkar på Haugalandet - Orientering om høyring av mogleg innretting av pakkar

Bompengerevvinga for Haugalandspakken går ut i 2023, og det er starta opp eit arbeid med å vurdere framtidige bompengepakkar.

Fylkesutvalet i tidlegare Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak 2. mai 2019:

«Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at kommunane, fylkeskommunane og Statens vegvesen startar arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselspakka(r) på Haugalandet som skal løyse samferdselsutfordringar i kommunane.»

Punkt 2 i innstillinga som vart vedteken av Rogaland fylkeskommune og av alle kommunane i Haugalandet, men ikkje av Hordaland fylkeskommune vart:

«Vidare brukarbetaling på Haugalandet etter at Haugalandspakken er avslutta i 2023 blir fremja i ein by- og tettstadspakke, samt eigne strekningsvise pakkar for aktuelle strekningar på E134, E39 og Fv.47.»

Då det vart vedteke å slutte seg til arbeidet, har Hordaland og seinare Vestland fylkeskommune delteke i sekretariatet for arbeidet.

Rogaland fylkeskommune og Vestland fylkeskommune har hausten 2021 sendt på høyring til kommunane kva for bompengepakkar dei ønskjer å arbeide vidare med. Høyringa er og sendt til relevante statsetatar. Det er lagt opp til at fylkestinga i Vestland og i Rogaland skal handsame saka i desember 2021. Vedtaka i kommunane og i fylkestinga i denne omgang vil ikkje innebere ei forplikting til å delta i komande bompengepakkar. Det er først når framlegg til bompakkar ligg føre at dei berørte kommunar og fylkeskommunar må ta politisk stilling til om dei vil slutte seg til dei føreslåtte bompengepakkene.

Fagavdelingane i dei to fylkeskommunane har laga eit notat som grunnlag for høyringa. Notatet skildrar handlingsrommet for utforming av nye bompengepakkar og formulert nokre spørsmål som kommunane og statsetatane er beden om å gje tilbakemelding på. Fagavdelingane har også gitt ei eiga vurdering og tilråding om rammer for det vidare arbeidet:

- Kommunane og fylkeskommunane arbeidar vidare med ein bypakke for Haugesund i tillegg til eigne bompengepakkar på Karmøy/fv. 547 og Haugesund nord-Sveio/fv. 47.
- Samla bompengebelastning vert utgreidd når nye bompengepakkar blir meir detaljert utforma. Stortingsproposisjonane må skildre moglegheita for at det kan kome bompengerevving til dei store statlege prosjekta når dei er klare, under dette E134 Helganes-Aksdal/Karmsund bru i Rogaland.
- Eventuelle bompengar på E134 i Vindafjord og Etne blir innretta mot Bakka-Solheim.
- Bypakka for Haugesund blir retta inn mot ny tilskuddsordning med statleg avtale og nullvekstmål for personbiltransport.

- Bypakka vert avgrensa geografisk til Haugesund/fastlands-Karmøy.
- For fv. 47 i Haugesund nord-Sveio vert det laga ein moglegheitsstudie for utbetring av vegen, før val av eventuell innretting og ambisjonsnivå. Tilsvarande gjeld for fv 547 gjennom Karmøy.

Høyringsbrevet og – notatet følger vedlagt.